

2017

Etiske retningsliner for folkevalde i Kvam herad



Etiske retningslinjer for folkevalde i Kvam herad

Kvifor?

Etikk er systematisk tenking om kva som er rett og gale.

Me har ein grunntanke om at eit sunt lokaldemokrati byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og folkevalde. Våre væremåtar, haldningar og evner til å lytta er med på å danna grunnlaget for innbyggjaren sin tillit til kommunen. Dei etiske retningslinene skal vera «kjøyrereglane» som skal hjelpe oss folkevalde å handla rett, slik at me arbeider til det beste for fellesskapet i tråd med lover, reglar, verdigrunnlag og politiske vedtak.

Forankring og ansvar

Med omgrepet «folkevald» er det også meint andre utvals- og rådsmedlemmer som har verv i Kvam herad.

Du som folkevald har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følgja retningslinene. Dersom du er i tvil om det kan vera brot på reglane, må du ta dette opp med ordførar. Du har rett til å nekta å følgja pålegg som er ulovlege eller medfører brot på dei etiske retningslinene.

Ordførar har ansvar for å formidla dei etiske retningslinene til dei folkevalde, leggja tilhøva til rette for etisk refleksjon, og har gjennom ord og handling særleg stor innverknad på kulturen og normene for veremåten i organisasjonen vår.

Etiske retningsliner

Tillit

- Me skal opptre på ein måte som gir tillit hos innbyggjarane og som ikkje skadar kommunen sitt omdømme. Me skal vera rettferdige, ærlege og opne i ein kvar samanheng.
- Me lyttar til innbyggjarane og sikrar lik handsaming for alle.
- Me opptrer med eit godt skjønn i sosiale medium
- Dersom me har personlege verv skal me registrera dette i kommunen sitt styrevervregister.
- Me skal ikkje utnytta vår stilling til å oppnå personlege fordeler eller gåver av ein art som kan påverka handlingar eller vedtak. Gåver av låg verdi som blomar, konfekt eller liknande vert ikkje omfatta av retningslinene.
- Me har sjølve ansvar for å opplysa om eigen habilitet. Ved tvil rundt habilitet skal me be om vurdering. Me skal unngå rollekombinasjonar som kan føra til interessekonflikt eller påstand om dette.

Open

- Me skal bidra til at Kvam herad står fram som ein open organisasjon. I ein open organisasjon er offentlegheit og ytringsfridom viktige prinsipp for å sikra innsyn og kontroll over kommunen si verksemd. Me skal bidra til at kommunen i alle saker vurderer offentlegheit, ut over det som følgjer av lover og reglar.
- Me skal som folkevalde bruka eit klart og eintydig språk slik at alle kan forstå innhaldet i politikken.
- Alle politiske møte skal vera opne med mindre dei vert lukka etter kommunelova.
- Openheit i politiske debattar sikrar demokrati og medverknad.
- Lobbyverksemd er ein del av politikken og kan gje auka innsikt og informasjon i ei sak. Det er viktig at det er openheit rundt lobbyverksemd og at me er bevisst på korleis me nyttar informasjonen som kjem gjennom lobbyverksemd.

Respekt

- Som folkevalde skal me respektera kvarandre og tilsette i kommunen. Me skal ikkje oppstre på ein måte som krenkjer menneskeverdet og me tek aktivt avstand frå diskriminering.
- Me skal visa toleranse for alle, uavhengig av kjønn, legning, etnisitet eller funksjonsevne. Ulike syn og kritikk skal høyrast, vurderast og respekterast.
- Me skal ikkje oppstre på ein slik måte at sakshandsamar i administrasjonen føler seg pressa.
- Me skal syta for at kommunen tek aktivt ansvar for å hindra forureining av lokalmiljøet.

Mot

- Me skal ha mot til å seia i frå om kritikkverdige forhold og korrigera usanne opplysningar om politiske saker i samfunnsdebatten.
- Me skal ha mot til å stå for politiske vedtak.
- Me skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.

Etiske verktøy

Navigasjonshjulet:

I tillegg til den etiske vurderinga, er det ofte andre omsyn som òg må takast.

Navigasjonshjulet kan vera eit hjelpemiddel for deg når du skal vurdera kva du skal gjera.



KS sin etikkportal: <http://www.ks.no/etikkportalen>

På etikkportalen vert det publisert nyhende, relevante saker og produkt frå KS. Her kan du finna uttalar frå *Kommunesektoren sitt etikkutval*, tips til etiske retningslinjer og gode råd for korruptionsførebyggjande arbeid, og rettleiarar om habilitet og varsling.